

SULDAL KONTROLLUTVAL

INNKALLING TIL MØTE I KONTROLLUTVALET

Dato: torsdag 10. november 2016
Tid: kl. 10.00
Stad: Suldal kommunehus, formannskapssalen

Forfall melder du til: Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS, tlf. 52 75 73 53 eller mobil/sms 959 86 977, e-post: post@kontrollutvalgene.no

Ved forfall blir varamedlemmer kalla inn særskilt. Medlemmer som meina seg ugilde, må gi melding om dette slik at varamedlemmer kan innkallast.

Sakskartet vil bli lagd ut på kommunen si nettside og på www.kontrollutvalgene.no

Saker merka *Ikkje offentleg jamfør off. l.*, blir berre sende til medlemmer/varamedlemmer.

Rådmannen er invitert i sak 24

Sakliste:

22/16 Godkjenning av protokoll 15.09.16

23/16 Referat- og orienteringssaker 10.11.16

24/16 Orientering om budsjettframlegget for 2017 og økonomiplan 2018-2020

25/16 Plan for rekneskapsrevisjon 2016

26/16 Framlegg til møteplan for 2017

Ymse

Aksdal, 03.11.16

Vanja Ignjatic (sign.)
Kontrollutvalsleiar


Odd Gunnar Høie
Utvalssekretær

Kopi: Ordførar	(møte- og talerett)
Revisor	(møte- og talerett)
Rådmann	(invitert i sak 24)
Varamedlem	(til orientering)

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	10.11.16	22/16

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	033	

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 15.09.16

Vedlegg: Protokoll frå kontrollutvalsmøte 15.09.16

Saksorientering:

Utkast til protokoll frå kontrollutvalet sitt møte 15.09.16 ligg ved saka til godkjenning.

Protokollen er gjennomlest og godkjent av leiar i etterkant av møtet og oversendt kommunen.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Protokoll frå møte i kontrollutvalet 15.09.16 blir godkjent slik han ligg føre.

Aksdal, 03.11.16



Odd Gunnar Høie

Rådgjevar/utvalssekretær

SULDAL KONTROLLUTVAL

PROTOKOLL

Torsdag **15. september 2016** blei det halde møte i Suldal kontrollutval under leiing av leiar Vanja Ignjatic.

MØTESTAD:	Suldal kommunehus, formannskapssalen
MØTESTART-MØTESLUTT:	kl. 10.00 – 13.00 inkl. pause
MØTANDE MEDLEMMER:	Vanja Ignjatic (H), Eldbjørg Sivertsen (Krf), Tormod Skeie (SV), Heine Mo Willig (SV) og Otto Underbakke (H)
FORFALL:	Ingen
MØTANDE VARAMEDLEMMER:	Ingen
FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:	Rådgjevar Odd Gunnar Høie, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
FRÅ REVISJONEN MØTTE:	Revisor Tore Kristensen - Rogaland Revisjon IKS
FRÅ ADMINISTRASJONEN MØTTE:	Einingsleiar – bygdeutvikling Endre Gjil i sak 16, kommunalsjef Grethe Jæger Anglevik i sak 17 og ass. rådmann Dagfinn Helland i sakene 16 og 17
ANDRE SOM MØTTE:	Ingen
MERKNADER TIL INNKALLING:	Ingen
MERKNADER TIL SAKLISTE:	Ingen

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

SAK 15/16 GODKJENNING AV PROTOKOLL 26.04.16

Sekretariatet si innstilling:

Protokoll frå møte i kontrollutvalet 26.04.16 blir godkjent slik han ligg føre.

Handsaming i kontrollutvalet 15.09.16:

Utvalet hadde ingen merknader til protokollen.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 15.09.16:

Protokoll frå møte i kontrollutvalet 26.04.16 blir godkjent slik han ligg føre.

SAK 16/16 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 15.09.16

24. Viltnemnda – orientering frå rådmannen
25. Statusoversikt pr. september 2016
26. «Om sak i Ulla Førre Næringsfond» – brev frå Arve Aarhus av 23.06.16
27. Førebels svarbrev til Arve Aarhus av 28.06.16
28. Engasjementsbrev – Suldal kommune frå Rogaland Revisjon IKS av 30.08.16
29. Perioderapportering/Budsjett 2017 frå Rogaland Revisjon IKS av 19.08.16
30. K-styrevedtak 14.06.16, sak 43/16 – Plan for forvaltningsrevisjon 2016-2019
31. Spørsmål om styremøte i et IKS – uttale frå KMD 04.04.16

Handsaming i kontrollutvalet 15.09.16:

Pkt. 24 - Viltnemnda

Einingsleiar – bygdeutvikling Endre Gjil orienterte. Nemnda var blitt nedlagt av kommunestyret hausten 2015 og oppgåvene underlagt LMT-utvalet.

Viltnemnda sitt arbeid hadde vore av uformell karakter, meir som arbeidsmøter utan skriftleg dokumentasjon. Hovudoppgåvene i nemnda hadde i stor grad vore knytt til fordeling av jaktløyver.

Administrasjonen og LMT-utvalet arbeidde med å få på plass avklaringar og trekke opp linjer for kva som skulle avgjerast administrativt og kva som skulle til handsaming i utvalet.

Erfaringane etter endringa var gode så langt. Det var oppretta kontaktpersoner i kvar bygd som kunne kontaktast ved skadde dyr eller andre særskilte hendingar. Politiet nytta desse kontaktpersonane. Viltfondet fekk midlane frå avgifter knytt til fellingsløyver. Viltfondet nytta midlane til mellom anna viltforvaltning og interkommunalt samarbeid. Gjil svara på spørsmål undervegs. Leiar takk for orienteringa.

Pkt. 26-27 – brev frå Arve Aarhus

Leiar innleia om saka. Medlemmene drøfta innhaldet i brevet og meinte denne enkeltsaka ikkje var innanfor utvalet sitt mandat. Dersom utvalet skulle sjå nærare på dette området måtte det vera på eit overordna prinsipielt nivå. Ass. rådmann Helland opplyste at det var kommunestyret som set dei økonomiske rammene for fondet. Utvalet slutta seg til Tormod Skeie sitt framlegg til vedtak.

Pkt. 25, 28-31

Sekretær gikk gjennom statusoversikten. Heine Mo Willig refererte frå kommunestyret si handsaming av Plan for forvaltningsrevisjon. Ass. rådmann Helland opplyste at kommunestyret hadde handsama sak om Rogaland Revisjon IKS og prosessen i selskapet. Kommunestyret hadde slutta seg til det vidare arbeidet og at kommunen ville gå inn som deltakar i det nye selskapet. Selskapet vil truleg bli organisert som eit samvirke.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 15.09.16:

Referatsakene 24 - 31 blir tatt til orientering og med følgende vedtak til pkt. 26:

Kontrollutvalet i Suldal finn ikkje at dei har mandat til å gå inn i denne enkeltsaka – sak 10/16 Ulla-Førre næringsfond. Utvalet finn heller ikkje generell sakshandsamingsprosedyrar framstilt slik at saka kan gje grunn for særskilde tiltak. Utvalet tek melding 26 til orientering og går ikkje vidare med saka.

SAK 17/16 OPPFØLGING AV FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT «LEGETENESTA»

Sekretariatet si innstilling:

Suldal kontrollutval tek rådmannen si tilbakemelding om oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapport om «Legetenesta» til orientering.

Melding om oppfølging vert sendt kommunestyret til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 15.09.16 :

Kommunalsjef Grethe Jæger Anglevik orienterte. Ho viste til tilbakemeldinga som var vedlagt saka, og utdjupa nokre av opplysningane.

Eldbjørg Sivertsen og Tormod Skeie meinte at svara var noko upresise. Dei hadde fleire spørsmål til kommunalsjefen. Ho svara på spørsmål og kom med kommentarar om mellom anna budsjett, journalsystem, konsultasjonstid, tilsetjing av ny lege.

Utvalet drøfta om dei skulle utsetja saka og be om ei ny tilbakemelding, eller ta denne tilbakemeldinga som ei førebels melding og be om ei ny oppfølging seinare. Ass. rådmann Helland kom med eit innspel om å ha eit samarbeidsmøte med administrasjonen og revisjonen.

Utvalet vart samd om å utsetje saka og be revisjonen sjå på tilbakemeldinga i lys av tilrådingane i rapporten. Ny oppfølging blir lagd fram for utvalet når revisjonen har lagd fram si vurdering.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 15.09.16:

Saka vert utsett.

Suldal kontrollutval sender tilbakemeldinga frå rådmannen om Legetenesta over til Rogaland Revisjon IKS og ber revisjonen kome med deira vurdering. Ny oppfølging av revisjonsrapporten om Legetenesta kjem ved eit seinare høve.

SAK 18/16 PLAN FOR SELSKAPSKONTROLL 2016-2019

Sekretariatet si innstilling:

Suldal kontrollutval vedtar Plan for selskapskontroll 2016-2019 med følgjande prioriteringar:

1.
2.
3.

Sekretariatet syt for at oppdatert plan med endringar og prioriteringar er den planen som vert vidaresendt til kommunestyret.

Suldal kommunestyret vedtar Plan for selskapskontroll 2016-2019 slik den ligg føre.

Retningslinjer for selskapskontroll i Suldal kommune blir vidareført slik dei ligg føre frå 2006, med endring i pkt. 10 når det gjeld årleg innsending av firmaattest.

Kontrollutvalet får delegert mynde til å endre planen i planperioden ved behov.

Handsaming i kontrollutvalet 15.09.16 :

Revisor orienterte og presenterte den overordna analysen. Medlemmene drøfta analysen og hadde mellom anna spørsmål om kva årsaka var til at det ikkje var ført opp noko i kolona «vesentlighet». Utvalet gav uttrykk for at dei sakna ei klårare tilråding/innstilling frå revisor.

Medlemmene blei samde om prioriteringane, og at revisor skulle oppdatere planen før den vart oversendt til kommunestyret for handsaming.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 15.09.16:

Suldal kontrollutval vedtar Plan for selskapskontroll 2016-2019 med følgjande prioriteringar og tillegg:

1. *Eigarskapsforvaltning*
2. *Rygjatun Eigedom AS*
3. *Krisesenter Vest IKS*
4. *Kommunekraft AS*

Utvalet stiller seg positiv til å delta i prosjekt som vert initiert frå andre eigarkommunar.

Sekretariatet syt for at oppdatert plan med endringar og prioriteringar er den planen som vert vidaresendt til kommunestyret.

Innstilling til kommunestyret:

Suldal kommunestyret vedtar Plan for selskapskontroll 2016-2019 slik den ligg føre.

Retningslinjer for selskapskontroll i Suldal kommune blir vidareført slik dei ligg føre frå 2006, med endring i pkt. 10 når det gjeld årleg innsending av firmaattest.

Kontrollutvalet får delegert mynde til å endre planen i planperioden ved behov.

SAK 19/16 REVISOR SI EIGENERKLÆRING 2016

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet i Suldal tar den framlagde eigenerklæring for 2016 frå oppdragsansvarleg revisor Cicel T. Aarrestad, Rogaland Revisjon IKS, til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 15.09.16 :

Utvalet hadde ingen merknader til eigenerklæringa.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 15.09.16:

Kontrollutvalet i Suldal tar den framlagde eigenerklæring for 2016 frå oppdragsansvarleg revisor Cicel T. Aarrestad, Rogaland Revisjon IKS, til orientering.

SAK 20/16 TINGING AV FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT – «PLEIE OG OMSORG»

Sekretariatet si innstilling:

Suldal kontrollutval tingar ein forvaltningsrevisjon av prosjektet «Pleie og omsorg i Suldal kommune» i fylgje vedlagte prosjektmandat/ med desse endringane:frå Rogaland Revisjon IKS. Ramma for prosjektet vert sett til 200 timar.

Handsaming i kontrollutvalet 15.09.16 :

Utvalet drøfta denne saka i samanheng med kommunalsjefen si orientering i sak 17/16. Kommunalsjefen opplyste at administrasjonen i lengre tid hadde jobba med eit omstillingsarbeid innan pleie og omsorg. Etter planen skulle kommunestyret få saka til handsaming i desember. Ho meinte at ein forvaltningsrevisjon innan dette området no, midt i ein omstillingsprosess, ikkje var heilt lett å gjennomføra.

Utvalet peika på at det var rådmannen som i arbeidet med å utarbeide ny plan hadde komme med eit ynskje om at dette prosjektet burde prioriterast høgt. Ein slik rapport kunne vere ein del av den pågåande prosessen. Plan for forvaltningsrevisjon var vedteken av kommunestyret i juni utan merknader.

Kommunalsjefen kom tilbake til utvalet med ny informasjon, etter å ha vore i kontakt med rådmannen. Dei hadde avklara at det kunne vera av nytte å gjennomføra denne revisjonen no. Rapporten kunne vera ei drahjelp i prosessane vidare.

Utvalet meinte at det då var avklart at det var ønskjeleg å tinga dette prosjektet no.

Tormod Skeie ønskte ei presisering av føremålet, og fremja slik tilføyning «*og blottleggja det effektiviseringspotensialet som finns, for slik å meisla ut ein tenleg struktur for tenestene for framtida*». Utvalet slutta seg til hans framlegg.

Utvalet ville be revisjonen prioritera arbeidet med dette prosjektet, sidan kommunen var i ein planprosess.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 15.09.16:

Suldal kontrollutval tingar ein forvaltningsrevisjon for området «Pleie og omsorg i Suldal kommune». Prosjektmandatet vert i samsvar med framlegget til Rogaland Revisjon IKS, men med slik endring av føremål:

«Målet for prosjektet er å sjå nærare på tenestekvalitet og ressursbruk innan pleie og omsorgssektoren, finna dei viktigaste kostnadsdrivarane og blottleggja det effektiviseringspotensialet som finns, for slik å meisla ut ein tenleg struktur for tenestene for framtida».

Ramma for prosjektet vert sett til 200 timar.

Suldal kommune står midt i ein planprosess for dette området og ber revisjonen prioritere arbeidet med dette prosjektet.

SAK 21/16 KONTROLL OG TILSYN – BUDSJETT FOR 2017 – UTVALET SITT FRAMLEGG

Sekretariatet si innstilling:

Samla budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i Suldal kommune for 2017 vert på i alt kr 1.030.000,- eks mva fordelt på følgjande:

Kontrollutvalet (teneste 1100 funksjon 100/110)	kr	263.000
Kjøp av sekretærtjenester (teneste 1100 art 13750)	kr	167.000
Kjøp av revisjonstjenester (teneste 1100 art 13700)	kr	600.000
Totalt	kr	1.030.000

Handsaming i kontrollutvalet 15.09.16 :

Sekretær gjorde greie for budsjettframlegget. Han peika på at utgiftene til revisjonen var redusert med kr 50.000 med bakgrunn i dei siste års forbruk. Utvalet var samd i å oppretthalde tidlegare års budsjett, for å ha eit større handlingsrom til kjøp av forvaltningsrevisjon.

Budsjettet blei vedtatt med ei totalramme på kr. 1.080.000,- eks. mva.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 15.09.16 og innstilling til kommunestyret:

Samla budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i Suldal kommune for 2017 vert på i alt kr 1.080.000,- eks mva fordelt på følgjande:

Kontrollutvalet (teneste 1100 funksjon 100/110)	kr	263.000
Kjøp av sekretærtjenester (teneste 1100 art 13750)	kr	167.000
Kjøp av revisjonstjenester (teneste 1100 art 13700)	kr	650.000
Totalt	kr	1.080.000

YMSE

Mangel på tilrådingar/innstillingar frå revisjon og sekretariat


Tormod Skeie meinte at det hadde letta arbeidet i utvalet om revisor og sekretariat la fram klårare innstillingar. Han viste til arbeidet med nye planar og sakna der revisjonen sine prioriteringar. I saker om oppfølging av rapporter sakna han sekretariatet sine vurderingar. Fleire av medlemmene var samde med Skeie. Revisor og utvalssekretær noterte seg innspelet.

Sekretær opplyste at dato for dagskonferansen i Sandnes blir 17.11.16, og minna medlemmene på at i novembermøtet skal møteplan for 2017 handsamast.

Neste møte: torsdag 10.11.16, kl. 10.00

Sand/Aksdal, 15.09.16

Vanja Ignjatic
Leiar


Odd Gunnar Høie
Kontrollutvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	10.11.16	23/16

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	033	

REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 10.11.16

- 32. Statusoversikt pr. november 2016
- 33. K-styrevedtak 18.10.16, sak 75/16 – Plan for selskapskontroll 2016-2019
- 34. K-styrevedtak 18.10.16, sak 76/16 – Søknad om fritak frå politiske verv - kontrollutval
- 35. K-styrevedtak 18.10.16, sak 77/16 – Val av medlem i kontrollutval og grendeutval
- 36. K-styrevedtak 18.10.16, sak 71/16 - 2. Tertialrapport 2016
- 37. Invitasjon fra FKT Rogaland til Høstkonferanse 17.11.16 i Sandnes
- 38. Innkalling til møter i representantskapet i RYMI – 29.09.16 og 09.11.16
- 39. Varsel om tilsyn med samfunnstryggleik og beredskap – frå Fylkesmannen i Rogaland
- 40. Forum for Kontroll og tilsyn (FKT) – høringsuttale til NOU: 4 Ny kommunelov
- 41. Kommunal rapport 29.09.16 – om revisjonsutgifter
- 42. KOSTRA-tall vedr. funksjon 110 – Kontroll og revisjon

Saksorientering:

Sakene blir lagde fram for kontrollutvalet til orientering.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Referatsakene 32 - 42 blir tatt til orientering.

Aksdal, 03.11.16

Odd Gunnar Høie
Rådgjevar/utvalssekretær



Kontrollutvalet - statusoversikt november 2016

Saker frå bestilling til handsaming i kontrollutvalet

Forvaltningsrevisjonar	Bestilt	Tidsbruk	Status	Ferdig dato	Merknader
Pleie og omsorg	15.09.16	200 timar	Under utarbeiding	Våren 2017	
Selskapskontroller					

Saker under politisk handsaming eller til oppfølging i kontrollutvalet

Forvaltningsrevisjonar	Bestilt	Handsama i KU	Handsama i K-styret	Planlagt oppfølging	Merknader
Plan for selskapskontroll 2016-2019	23.09.15	15.09.16	18.10.16		
Overordna analyse	23.09.15	28.01.16/ 25.02.16	14.06.16		
Plan for forvaltningsrevisjon 2016-2019	23.09.15	26.04.16	14.06.16		

Avslutta prosjekt

Forvaltningsrevisjonar	Bestilt	Handsama i KU	Handsama i K-styret	Følgd opp	Merknader
Barnevernet i Suldal	14.11.12	23.05.13	18.06.13	13.02.14	
Styring av byggeprosjekt	14.11.12/ 25.04.13	21.11.13	04.02.14	11.02.15/ KST 19.05.15	
Arbeidsgjevarrolla	21.11.13	19.06.14	09.09.14	29.04.15/ KST 19.05.15	
Plan- og byggesaker	19.06.14	11.02.15	17.03.15	28.01.16	
Legetenesta i Suldal kommune	11.02.15	23.09.15	03.11.15	15.09.16	
Selskapskontroller					
Interkommunalt Arkiv	25.04.12	31.01.13	19.03.13	21.11.13	
Andre saker					

Møteprotokoll for Kommunestyret

Møtedato: 18.10.2016
Møtestad: Kommunestyresalen
Møtetid: 17:00 - 21:15

Møtedeltakarar	Parti
Henrik Halsne	AP
Kari Vaage Gjuvsland	AP
Klara Holmestad Nerheim	AP
Rainer Speth	H
Jarle Haugslund	KRF
Svanhild Løge Skålheim	KRF
Albrigt Stokka	SP
Elisabeth Bjørkhaug	SP
Endre Kvæstad	SP
Gerd Helen Bø	SP
Magne Langeland	SP
Ola Jelsa	SP
Heine Mo Willig	SV
Tone Mari Sand	SV
Eskil Nerheim	V
Nils Bjarne Vold	V
Nina Østebø	V

Forfall meldt frå følgjande	Parit
Sverre Underbakke	H
Berit J. Haugslund	SP

Følgjande varamedlemmar møtte	Parti
Vanja Ignjatic	H
Øyvind Lovra Tveitane	SP

Andre:

Møtesekretær:
 Turid Vaage

Sakliste

Saksnummer	Sakstittel
068/16	Godkjenning av innkalling og sakliste
069/16	Godkjenning av møteprotokoll
070/16	Meldingar

Rådmannen endrar innstillinga i tråd med vedtak i AMU 29.08.16:

Punkt 10: Lønnsfastsetjing og nyttilsetjing: Endre 1. kulepunkt til: Løna ved nyttilsetting skal ta utgangspunkt i utdanning, erfaring, funksjon, ansvar og gjeldande praksis.

PART - 013/16:

Lønspolitisk plan vert vedteken slik den ligg føre, i tråd med endra innstilling.

18.10.2016 KOMMUNESTYRET

Samrøystes vedtak i samsvar med innstilling.

K - 074/16:

Lønspolitisk plan vert vedteken med endring vedtatt i partsamansett utval.

075/16: PLAN FOR SELSKAPSKONTROLL 2016 - 2019 - SULDAL KOMMUNE

Kontrollutvalet si innstilling:

1. Suldal kommunestyret vedtar Plan for selskapskontroll 2016-2019 med følgjande prioriteringar og tillegg:

1. Eigarskapsforvaltning
2. Rygjatun Eigedom AS
3. Krisesenter Vest IKS
4. Kommunekraft AS

Utvalet stiller seg positiv til å delta i prosjekt som vert initiert frå andre eigarkommunar.

Sekretariatet syt for at oppdatert plan med endringar og prioriteringar er den planen som vert vidaresendt til kommunestyret.

2. Retningslinjer for selskapskontroll i Suldal kommune blir vidareført slik dei ligg føre frå 2006, med endring i pkt. 10 når det gjeld årleg innsending av firmaattest.

3. Kontrollutvalet får delegert mynde til å endre planen i planperioden ved behov.

18.10.2016 KOMMUNESTYRET

Forslag frå Gerd Helen Bø, SP:

Bak punkt 3. Kriesenter Vest IKS. Under føresetnad av at det blir initiert frå andre eigarkommunar

Stryk punkt 4.

Innstilling mot forslag frå Gerd Helen Bø: 3. Kriesenter Vest 10/9

Innstilling mot forsalg frå Gerd Helen Bø: Kommunekraft 10/9

Innstilling: samrøystes.

K - 075/16:

Kontrollutvalet si innstilling:

1. Suldal kommunestyret vedtar Plan for selskapskontroll 2016-2019 med følgjande prioriteringar og tillegg:

1. Eigarskapsforvaltning
2. Rygjatun Eigedom AS
3. Kriesenter Vest IKS
4. Kommunekraft AS

Utvalet stiller seg positiv til å delta i prosjekt som vert initiert frå andre eigarkommunar.

Sekretariatet syt for at oppdatert plan med endringar og prioriteringar er den planen som vert vidaresendt til kommunestyret.

2. Retningslinjer for selskapskontroll i Suldal kommune blir vidareført slik dei ligg føre frå 2006, med endring i pkt. 10 når det gjeld årleg innsending av firmaattest.

3. Kontrollutvalet får delegert mynde til å endre planen i planperioden ved behov.

076/16: SØKNAD OM FRITAK FRÅ POLITISK VERV - KONTROLLUTVAL

Rådmannen si innstilling

18.10.2016 KOMMUNESTYRET

Ordføraren endrar si innstilling då saka blir delt i to saker, frå

1. Heine Mo Willig får fritak frå vervet i kontrollutvalet.

2. Berit Myrland (SV) vert nytt medlem i kontrollutvalet. Ho får fritak som medlem i Øvre Suldal grendeutval.

3. Reidar J Sandal vert nytt medlem i Øvre Suldal grendeutval.

Til

1. Heine Mo Willig får fritak frå vervet i kontrollutvalet.

K - 076/16:

Heine Mo Willig får fritak frå vervet i kontrollutvalet.

077/16: VAL AV MEDLEM I KONTROLLUTVAL OG GRENDEUTVAL

Ordføraren si innstilling

1. Berit Myrland (SV) vert nytt medlem i kontrollutvalet. Ho får fritak som medlem i Øvre Suldal grendeutval.
2. Reidar J Sandal vert nytt medlem i Øvre Suldal grendeutval.

18.10.2016 KOMMUNESTYRET

Samrøystes vedtak i samsvar med innstilling.

K - 077/16:

1. Berit Myrland (SV) vert nytt medlem i kontrollutvalet. Ho får fritak som medlem i Øvre Suldal grendeutval.
2. Reidar J Sandal vert nytt medlem i Øvre Suldal grendeutval.

4. Fondsmidler sett av etter riving av Sanitetshuset blir flytta til føremål rehabilitering av friidrettsdekke på sentralidrettsanlegget.

5. Utlånsramma til Ulla-Førrefondet blir auka med 800.000 gjennom bruk av fondskapitalen.

6. Investering:

Redusert overføring frå drift (konsesjonsavgift) kr 1.690.000

Auka bruken av ubundne investeringsfond kr 1.690.000

Drift:

Redusert overføring til investering (konsesjonsavgift) kr 1.690.000

Auka avsetjing til bundne fond (Ulla Førre næringsfond) kr 1.690.000

18.10.2016 KOMMUNESTYRET

Samrøystes vedtak i samsvar med innstilling.

K - 071/16:

1. Tertialrapporten vert teken til vitande
2. Eigarskapsmeldinga vert teken til vitande.
3. Det blir gjort følgjande budsjettendringar:

· Auke konsesjonskraftinntekt:	3.000.000
· Auke utgifter levekår	2.057.000
· Auke utgifter investering	244.000
· Reduserte pensjonsutgifter	4.400.000
· Avsett til disposisjonsfond	5.099.000
· Avsett investeringsfond	1.690.000

4. Fondsmidler sett av etter riving av Sanitetshuset blir flytta til føremål rehabilitering av friidrettsdekke på sentralidrettsanlegget.

5. Utlånsramma til Ulla-Førrefondet blir auka med 800.000 gjennom bruk av fondskapitalen.

6. Investering:

Redusert overføring frå drift (konsesjonsavgift) kr 1.690.000

Auka bruken av ubundne investeringsfond kr 1.690.000

Drift:

Redusert overføring til investering (konsesjonsavgift) kr 1.690.000

Auka avsetjing til bundne fond (Ulla Førre næringsfond) kr 1.690.000

FORUM FOR KONTROLLUTVALG I ROGALAND

Høstkonferansen 2016

Quality Hotel Residence, Sandnes

17. november 2016

Haugaland
Kontrollutvalgssekretariatet
Mottatt dato: 07.10.16
Journalført: 16/386/1ha
Arkivkode: 033 ogh

Forum for kontrollutvalg i Rogaland har som formål å være en arena for utveksling av erfaringer. Hva kan vi lære av hverandre? Det er satt av tid til kommentarer og meningsutveksling til innleggene i programmet.

PROGRAM

- 10:00 **Velkommen**
Einar Endresen – leder av arbeidsutvalget i Forum for kontrollutvalg i Rogaland
- 10:05 **Fylkesmannens tilsyn med kommunene**
Grete Flåten, tilsynskoordinator, Fylkesmannen i Rogaland
- 10:45 Pause
- 11:00 **Varslinger**
Fylkesrådmann Trond Nerdal, Rogaland fylkeskommune
- 11:45 **Årsmøte 2016** – Forum for kontrollutvalg i Rogaland
- 12:00 **Lunsj**
- 13:00 **Korrupsjon og økonomiske misligheter i kommunene**
Einar Endresen, leder av arbeidsutvalget i Forum for kontrollutvalg i Rogaland og politispesialist i økonomisk kriminalitet.
- 13:45 Pause
- 14:00 **Selskapskontroll**
Rune O. Eskeland, forvaltningsrevisor, Rogaland Revisjon IKS
- 14:45 **Avslutning**

Pris **kr 900.-** pr. person

Påmelding innen **4. november** ved å sende e-post til mette.jensen.moen@rogfk.no med navn, verv/funksjon, kommune/firma og mailadresse. Kontrollutvalgsmedlemmer som oppgir mailadresse vil få årsmøtesakene tilsendt via e-post før konferansen.

VELKOMMEN!

For forum for kontrollutvalg i Rogaland
Kontroll- og kvalitetsutvalgets sekretariat,
Rogaland fylkeskommune

Representantskapet i Ryfylke Miljøverk iks
Revisor
Styret

INNKALLING TIL ÅRSMØTE I REPRESENTANTSKAPET I RYMI

Stad: Lilland hotell
Dato: 29. september kl 9.00

Innkalling og saksliste til møte i Ryfylke Miljøverk IKS.

Sakliste

- Sak 16/16 Godkjenning av innkalling
- Sak 17/16 Val av møteleiar
- Sak 18/16 Val av referent
- Sak 19/16 Val av to personar til å godkjenne protokollen saman med møteleiar
- Sak 20/16 Orientering frå styret og dagleg leiar
- Sak 21/16 Val av konstituert leiar av representantskapet
- Sak 22/16 Ny innsamlingsordning for RYMI

Eventuelt

Moglege forfall må meldast på telefon til administrasjonen: 51759550, eller e-post: post@rymi.no så tidleg at det er mogleg å kalle inn vararepresentant.

Stavanger 19.september 2016

For konstituert leiar Anita Husøy Riskedal

Audun Roalkvam

Representantskapet i Ryfylke Miljøverk IKS
Revisor
Styret

**INNKALLING TIL MØTE I REPRESENTANTSKAPET FOR RYFYLKE
MILJØVERK IKS**

Stad: Finnøy, kommunehuset

Dato: 9. november 2016 kl 09.00 (NB endret tid grunnet anløp hurtigbåt)

Innkalling og sakliste til møte i Ryfylke Miljøverk IKS.

Saksliste

- | | |
|-----------|--|
| Sak 23/16 | Godkjenning av innkalling og sakliste |
| Sak 24/16 | Val av møteleiar |
| Sak 25/16 | Val av referent |
| Sak 26/16 | Val av to personar til å godkjenne protokollen saman med møteleiar |
| Sak 27/16 | Orientering frå styret |
| Sak 28/16 | Fastsetjing av gebyr for 2017 |
| Sak 29/16 | Driftsbudsjett for 2017 |
| Sak 30/16 | Investeringsbudsjett for 2017-2020 |
| Sak 31/16 | Fastsetjing av storleik på eigardel etter folketal |

Eventuelt

Forfall må meldast på telefon til administrasjonen: 51759550 eller på e-post: post@rymi.no så tidleg at det er mogleg å kalle inn vararepresentant.

Stavanger 1. november 2016

For leiar Anita Husøy Riskedal

Audun Roalkvam



FYLKESMANNEN
I ROGALAND

Dykkar ref.:

Vår dato: 04.07.2016

Vår ref.: 2016/8369

Arkivnr.:

Suldal kommune
Eidsvegen 7
4230 Sand

Postadresse:
Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00
F: 51 52 03 00
E: fmropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Varsel om tilsyn med samfunnstryggleik og beredskap i Suldal kommune 21. og 28. november 2016

Tilsynet har heimel i lov om kommunal beredskapsplikt, sivilbeskyttelse og Sivilforsvaret (sivilbeskyttelseslova) § 29 og forskrift om kommunal beredskapsplikt § 10.

Tema for tilsynet

Tema for tilsynet er Suldal kommune si oppfylling av pliktene etter § 14 og 15 i sivilbeskyttelseslova og forskrift om kommunal beredskapsplikt. Fylkesmannen vil undersøke om Suldal i tråd med krava i lov og forskrift kan dokumentere at kommunen har:

- ein heilskapleg risiko og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse)
- eit heilskapleg og systematisk samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeid
- ein overordna beredskapsplan
- gjennomført øvingar
- eit system for opplæring av tilsette som har ei rolle i kommunen si krisehandtering
- evaluert øvingar og ekstraordinære hendingar.

Deltaking

Frå Fylkesmannen møter tre personar. Seniorrådgivar Grete Flåten (revisjonsleiar), fylkesberedskapssjef Reidar Johnsen (revisor), og ein til revisor.

Vi ber om at følgjande møter frå kommunen:

- ordførar
- rådmann
- beredskapskoordinator
- informasjonsansvarleg
- kommunaldirektør eller tilsvarende med ansvar for kommuneplan
- arealplanleggjar
- eventuelt andre som er sentrale i arbeidet med heilskapleg ROS-analyse eller beredskapsplan.

Dokumentasjon

Vi ber kommunen sende denne dokumentasjonen til Fylkesmannen innan **21. oktober 2016**:

- heilskapleg ROS-analyse

VEDLEGG SAK 23/16-39

- dokumentasjon på handsaming av heilskapleg ROS-analyse i kommunestyret
- invitasjon til eksterne aktørar om deltaking i arbeidet med heilskapleg ROS-analyse
- langsiktige mål, strategiar og prioriteringar for samfunnstryggleik- og beredskapsarbeidet i Suldal kommune
- plan for oppfølging av samfunnstryggleik og beredskap i kommunen, og dokumentasjon på at planen er følgt opp gjennom tiltak (til dømes i økonomiplan eller andre dokument)
- kommunen sin overordna beredskapsplan
- plan for helse og sosialberedskap og smittevernplan, inkludert pandemiplan
- beredskapsplan for vassforsyninga og siste tilsynsrapport frå Mattilsynet på dette området
- samfunnsdelen av gjeldande kommuneplan
- kommunen sin planstrategi
- evalueringsrapporter frå uønskete hendingar som har skjedd etter sist tilsyn i kommunen, og dokumentasjon på eventuelle system/prosedurar for å følgje opp slike hendingar
- evalueringsrapportar frå øvingar som er gjennomført etter sist tilsyn
- eventuelle rapportar frå kommunen sin eigenkontroll om samfunnstryggleik og beredskap
- organisasjonskart for kommunen
- namn og stilling på personar som kommunen meiner er aktuelle for intervju, sjå lista ovanfor.

De kan gjerne sende oss dokumentasjonen elektronisk. Kontaktinformasjon er nedanfor. Dersom dokument eller deler av dokument er unntatt offentleg innsyn, ønskjer vi om å bli varsla om dette.

Rammer for tilsynet

Fylkesmannen hadde rettleiingsmøte i februar med kommunane som får tilsyn dette året. Suldal deltok på dette møtet. Sjelve tilsynet blir gjennomført etter systemrevisjonsmetoden så langt det høver. Først går vi gjennom dokumentasjon frå kommunen. På første tilsynsdag 21. november er det opningsmøte og intervju. Sluttmøtet (omtrent 45 minutt) ønskjer vi 28. november. Etter tilsynet lagar Fylkesmannen rapport med eventuelle avvik frå lov- og forskrift.

Praktisk informasjon

Om dagane for tilsynsbesøket ikkje passar, ber vi kommunen foreslå nye tidspunkt. Vi ber og om at kommunen peiker ut kontaktperson for tilsynet.

Etter at vi sett gjennom grunnlagsmaterialet vil vi komme tilbake med detaljert program og tidsplan for tilsynet. Vi reknar med at kommunen stiller lokale til disposisjon for opningsmøte, intervju og sluttmøte. Om mogleg ønskjer vi at utstyr til bruk av PowerPoint er tilgjengeleg i opningsmøtet. Vi har med oss eigen datamaskin.

Eventuelle spørsmål kan rettast til revisjonsleiar Grete Flåten; grete.flaten@fylkesmannen.no, telefon 51 56 88 36 /975 02 448.

Med helsing

Lone M. Solheim
avdelingsdirektør

Grete Flåten
revisjonsleiar/seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift

Saksbehandlar: Grete Flåten
Saksbehandlar telefon: 51 56 88 36
E-post: fmrogfl@fylkesmannen.no



Kommunal- og moderniseringsdepartementet

Oslo, 30. september 2016

HØRINGSUTTALELSE – NOU 2016: 4 NY KOMMUNELOV

Forum for kontroll og tilsyn (FKT) viser til høringsbrev fra Kommunal- og moderniseringsdepartementet av 4.4.2016. Vi har gjennomført en intern høring blant våre medlemmer, og styret avgir følgende uttalelse, med hovedfokus på områdene kontroll, tilsyn og revisjon i NOU 2016: 4 Ny kommunelov:

Innledende merknader

I kommuneloven ble bestiller-/utførermodellen mellom kontrollutvalg og revisjon rendyrket fra 2004. I utredningen mangler en beskrivelse av de ulike rollene for kontrollutvalget som bestillere, deres sekretariat som uavhengig operativt ledd og rådgiver for kontrollutvalgene i deres arbeid, og revisjonen som leverandør av revisjon og andre undersøkelser til kontrollutvalget etter deres bestilling.

Utredningen undergraver på mange måter bestiller-/utførermodellen, fordi revisjonsselskapene gis vesentlig innflytelse over kommunenes egenkontroll. Dette mener vi svekker den folkevalgte styringen, med redusert tillit til den kommunale egenkontrollen som resultat. Dette mener vi står i direkte motsetning til intensjonen med den helhetlige gjennomgangen av kommuneloven, som skulle være å styrke det kommunale selvstyre.

FKT mener at dagens ordning med en mer rendyrket bestiller-/utførermodell mellom kontrollutvalg og revisjon enn det lovforslaget legger opp til, må videreføres, med en klar forankring i kommunestyre og kontrollutvalg.

Kapittel 12 Valgbarhet. Ombudsplikt og suspensjon mv.**12.2 Valgbarhet**

Lovutvalget foreslår i § 7-3 at lederen av sekretariatet for kontrollutvalget i kommunen eller fylkeskommunen bør utelukkes fra valg til organer nevnt i § 7-2, uten at dette er nærmere utredet. Det er i praksis også andre enn leder som er sekretær for kontrollutvalget, og da kan det bli problematisk også om ansatte i sekretariatet er valgbare. Av lovforslaget § 23-7 fremkommer at sekretariatsfunksjonen ikke kan legges til medlemmer av kontrollutvalget, kommunestyret eller fylkestinget i den aktuelle kommunen eller fylkeskommunen. Vi finner likevel at spørsmålet om hvilke regler som burde gjelde ansatte i sekretariatet generelt burde ha vært utredet. Kanskje burde det i forskrift også komme et krav om dokumentasjon av sekretærs uavhengighet, tilsvarende som kravet for

revisor i revisjonsforskriften § 15. Vi stiller oss gjerne til rådighet for å drøfte dette i det senere arbeidet med forskrifter til kommuneloven.

FKT vil påpeke at det mangler samsvar mellom § 7-3 og § 23-1 med hensyn til hvem som er utelukket fra valg til kontrollutvalget (punktene f-h mangler i § 7-3). Vi slutter oss til det som fremgår av § 23-1 og antar at det er det korrekte.

Vi viser også til kommentarene knyttet til kapittel 25.1.4.

FKT mener at utvalget i større grad burde ha drøftet om ansatte i sekretariatet til kommunens/fylkeskommunens kontrollutvalg er valgbare etter § 7-3.

Kapittel 23 Kontroll og tilsyn med kommunene

23.1 Innledning

I innledningen sies det at kapittel 23 skal gi en overordnet beskrivelse av kontroll- og tilsynsordninger med kommunen. Vår hovedinnvending er at kapitlet ikke har med en beskrivelse av kontrollutvalgets sekretariat, noe som er et helt nødvendig bakteppe for å forstå kontrollutvalgenes arbeid.

Lovendringen i 2004 innebar bl.a. at kontrollutvalgene fikk et uavhengig sekretariat, og en bestiller-/utførermodell ble tatt i bruk. Dette har ført til at kontrollutvalgenes arbeid har endret seg mye, og de har blitt vitalisert. Revisors rolle endret seg også med innføring av profesjonelt sekretariat. Revisor er etter dette en leverandør som handler på bestilling fra kontrollutvalget.

I og med at sekretariatet ikke er beskrevet, kommer heller ikke de ulike rollene til revisor og sekretær frem. Dette er en svakhet ved beskrivelsen.

FKT mener at sekretariatets rolle må beskrives som en naturlig del av kontroll- og tilsynsordningene i kommunens egenkontroll.

23.2 Ekstern og intern kontroll

I 6. avsnitt står det at det faglige grunnlaget i den delen av egenkontrollen som har folkevalgt ledelse ved kommunestyret og kontrollutvalget, ivaretas av revisjonen. Kontrollutvalgssekretariatets rolle i dette bildet nevnes ikke. Det er sekretariatet som saksbehandler sakene til kontrollutvalget, lager forslag til innstilling/vedtak og gir råd til utvalget i faglige spørsmål knyttet til kontroll og tilsyn. Revisjonen er en leverandør og utfører på bestilling fra kontrollutvalget.

FKT mener at kontrollutvalgssekretariatet er en viktig del av det faglige grunnlaget for den delen av egenkontrollen i kommunen som har folkevalgt ledelse.

23.3 Egenkontroll

I dette avsnittet beskrives at kontrollutvalget trenger bistand til å gjennomføre den løpende kontrollen med den kommunale forvaltningen og at «*Til å hjelpe seg har kontrollutvalget en faglig uavhengig revisjon*». Sekretariatet er ikke nevnt i denne beskrivelsen, noe som er en svakhet. Den løpende kontrollen består i hovedsak av at sekretariatet på vegne av kontrollutvalget ber om orienteringer og informasjon på ulike felt, legger opp saker til orientering i utvalget, virksomhetsbesøk og bestilling og oppfølging av revisjonsrapporter o.l. Sekretariatet er kontrollutvalgets rådgiver og diskusjonspartner i alle saker som utvalget tar opp.

FKT mener at et uavhengig og kompetent kontrollutvalgssekretariat bistår kontrollutvalget faglig med den løpende kontrollen med den kommunale forvaltningen på kommunestyrets vegne.

23.5 Statsforvaltningskontroll og egenkontroll

Det er positivt at det foreslås et sterkere koordineringsansvar fra fylkesmannens side for å unngå unødvendig belastning på kommunene. Vi stiller imidlertid spørsmål ved om de foreslåtte virkemidler vil bli sterke nok for faktisk å redusere statlig kontroll.

Dialog med fylkesmannen om tilsyn og kontroll må skje mellom kontrollutvalg ved sekretariatet og fylkesmannen, ikke revisjonsenheten. Dette er den mest praktiske måten å få til en koordinering på, siden det er kontrollutvalget som vedtar hvilke undersøkelser revisjonen skal gjøre og innretningen på disse.

FKT mener at dialog med fylkesmannen om tilsyn og kontroll skal skje mellom kontrollutvalget ved sekretariatet og fylkesmannen.

23.7 Viktigste utfordringer

Vi støtter forslaget om at kommunen ved kontrollutvalget skal ha en mulighet til bedre kontroll med selskaper som kommunen er deleier i sammen med private aktører. Vi støtter lovforslagets understreking av behovet for å styrke rolleforståelsen i arbeidet med kontroll og tilsyn.

FKT støtter forslaget om at kommunens kontroll med virksomhet som foregår i selskaper og andre organer utenfor kommunen bør styrkes.

Kapittel 24 Internkontroll

FKT støtter utvalgets forslag om å innføre en tydeligere internkontrollbestemmelse i kommuneloven som erstatning for særlovgivningens bestemmelser om internkontroll for kommuneplikter.

Kapittel 25 Kontrollutvalget og kontrollutvalgssekretariatet

25.1.1 Innledning

Vi støtter utvalgets forslag om å øke minimumskravet til antall medlemmer i kontrollutvalget fra tre til fem, ettersom bare tre medlemmer lett blir for sårbart ved forfall/fravær og kan begrense drøftingene i utvalgene. Det kunne samtidig vurderes nærmere om det også burde være en øvre grense for antall medlemmer i kontrollutvalget for å sikre effektivitet og partipolitisk uavhengighet.

FKT støtter forslaget om å øke minste antall medlemmer i kontrollutvalget fra tre til fem medlemmer.

25.1.4 Valgbarhetsregler

Vi støtter forslaget om å beholde dagens strenge valgbarhetsregler knyttet til folkevalgte og ansatte i kommunen/fylkeskommunen.

Utvalget foreslår å endre valgbarhetsreglene for medlemmer som har ledende stilling, styreverv eller er medlem av bedriftsforsamling i et selskap. Vi støtter forslaget, men vi savner en nærmere vurdering av valgbarheten til kontrollutvalget for eierrepresentanter. Også her kan det oppstå uheldige inhabilitetssituasjoner. Se også kommentarene til kapittel 12.2.

FKT støtter forslaget om at ansatte fortsatt skal være utelukket for valg til kontrollutvalget. Vi støtter også forslaget om strengere valgbarhetskrav knyttet til personer med ledende stillinger og verv i styre og bedriftsforsamling i selskaper som kommunen/fylkeskommunen har eierinteresser i. I tillegg ønsker vi at dette skal gjelde også for eierrepresentanter i slike selskaper (representantskap, generalforsamling mv.).

25.2 Høring i regi av kontrollutvalget

Utvalget presiserer i andre avsnitt s. 319 at begrepet «hos kommunen» skal forstås slik at det gjelder kun administrasjonen. Vi mener at dette ikke er i tråd med gjeldende rett i dag. I Vedlegg nr. 1 til rundskriv H-15/04 fremgår det av kommentarene til § 4 punkt 3 at

Kontrollutvalget er kommunestyrets/fylkestingets eget kontrollorgan og dermed ikke underlagt andre organer i kommunen/fylkeskommunen. Kontrollutvalgets tilsynsansvar omfatter derfor ikke kommunestyret/fylkestinget selv. Kontrollutvalget kan likevel uttale seg dersom kommunestyret/fylkestinget for eksempel har truffet eller er i ferd med å treffe et vedtak som vil være ulovlig.

